



## Innkalling for Radøy eldreråd

**Møtedato:** 15.02.2018  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 11.00

### Saksliste:

Saksnr	Tittel
001/2018	Godkjenning av innkalling og saksliste
002/2018	Godkjenning av møtebok
003/2018	Meldingar og referatsaker
004/2018	Endringar i postomberinga - høyring
005/2018	Retningslinjer for prioritering ved utleige av Radøyhallen

Den som har lovleg forfall eller er ugild i nokon av sakene må melda i frå til kultur- og sørvistorget så snart som råd, tlf 56 34 90 00. Varamedlemmer møter etter nærare innkalling.

8. februar 2018

leiar

Anne Dahle Austrheim  
utvalssekretær

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
001/2018	Radøy eldreråd	PS	15.02.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	18/273	18/1859

### Godkjenning av innkalling og saksliste

**Saksopplysingar:**

**Framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjend.

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
002/2018	Radøy eldreråd	PS	15.02.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	18/273	18/1696

### Godkjenning av møtebok

#### Saksopplysingar:

Det vert lagt fram møtebok for Radøy eldreråd 4. desember 2017.

#### Framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjend

#### Vedlegg:

Møtebok eldrerådet 4. desember 2017

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
003/2018	Radøy eldreråd	PS	15.02.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	18/273	18/1697

### Meldingar og referatsaker

#### Saksopplysingar:

Det vert lagt fram følgjande meldingar og referatsaker:

- a. Orientering om kommunedelplan for helse og omsorg – saman med arbeidsgruppa som utarbeidar planen.
- b. Orientering om ny kommune – status og framdrift
- c. Orientering om diverse planarbeid – v/arealplanleggar Rolf Raknes
- d. Orientering om bustadsosial handlingsplan

#### Framlegg til vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
004/2018	Radøy eldreråd	PS	15.02.2018
004/2018	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	15.02.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	18/265	18/1690

### Endringar i postomberinga - høyring

#### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

Som følge av store endringar i postmarknaden meiner Samferdselsdepartementet at det er nødvendig å vurdere alternative løysingar for leveringspliktige posttenester i framtida. Departementet meiner det no er kome til eit punkt der kostnadane knytt til dagens servicenivå blir så høge at krava til dei leveringspliktige posttenestene må reduserast. Departementet gjer difor framlegg om å redusere kravet til omdeling av postsendingar frå 5 dagar i veka til omdeling annan kvar dag i heile landet.

Forslaget inneber at omdeling av post skal skje i ein to veker-syklus – måndag, onsdag og fredag ei veke – tysdag og torsdag den neste.

Samferdselsdepartementet har sendt endringar i postomberinga ut på høyring.

Formannskapet hadde høyringa som meldingssak i møtet 25. januar. Formannskapet oppmodar eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne om å koma med innspel som i neste omgang kan leggest til grunn i ein uttale frå formannskapet.

Høyringsnotat drøftar korleis krava til leveringspliktige posttenester skal endrast i takt med samfunnet sine behov for posttenester. Me sender stadig færre brev med post. Sjølv om marknaden for småpakkar levert i postkassane veks noko, kompensere ikkje dette på langt nær fallet i brevmengda.

Postombering anna kvar dag er eitt av fire ulike alternativ som konsulentselskapet Copenhagen Economics har utgreidd og lagt fram for departementet. Ein reduksjon av tal omdelingsdagar til annan kvar dag er rekna ut vil redusere staten sine kostnader til kjøp av såkalla «ulønsame posttenester» med rundt 500 mill. kroner årleg frå 2020 – og ca 650 mill. frå 2025.

Samtidig er det grunn til å peika på at færre dagar med postombering i veka vil få konsekvensar,

særleg for enkelte grupper. I ei utgreiing som selskapet Copenhagen Economics har gjort for departementet vert det peika på at ein del eldre og rørslehemma i spreiddbygde strok i særleg grad vil få negative konsekvensar av redusert postombering. Dette er personar som ikkje har tilgang på alternativ til Posten til ein overkomeleg pris og som heller ikkje har digital kompetanse. Denne gruppa vil oppleve negativ effekt av endra omdelingsfrekvens for t.d. framsendingstid for papiraviser og medisiner.

Departementet peikar i høyringsnotatet på at alle framleis vil kunne få tilsendt aviser og medisiner gjennom bruk av det ordinære tenestetilbodet. Ved innføring av postdistribusjon annan kvar dag, vil leveringstida auka med éin dag for 50 pst av sendingane. Departementet meiner dette normalt sett vil vera tilstrekkeleg for dei fleste apotekkundar som mottar desse sendingane, med mindre det er forhold som tilseier at distribusjonen hastar meir.

Stortinget slutta seg i fjor til at det på grunn av svært lågt behov for framsending av medisiner over natta ikkje skal opprettast spesialløyisingar for sending av medisiner ved overgangen til éin brevstraum (Prop. 131 S (2016-2017)). På denne bakgrunn er overgangen til postomdeling annan kvar dag, som vil gje auka leveringstid på éin dag for 50 pst. av sendingane, ein mindre endring enn overgangen til éin brevstraum, vert det konkludert med i høyringsnotatet frå departementet.

Frakt av prøvemateriale frå legekontor og inn til laboratoria for analyse vil verta berørt av omstillingar i postmarknaden. Når det gjeld reduksjon i tal omdelingsdagar, vil dette etter departementet si vurdering berre påvirka utdeling til laboratoria i den grad desse opererer med gateadresser og ikkje postboksadresser. Forsendingar som hastar vil såleis måtte sendast til ei postboksadresse, eller ein må nytta tenesta Bedriftspakke ekspress over natt.

Departementet gjer det klart at det i forslaget som no vert sendt på høyring, ikkje er lagt opp til å innføra særskilde kompensierende tiltak gjennom postlovgevinga. Dette skuldast mellom anna at det finst kommersielle tilbod i marknaden som vil kunne sikra eit høgare servicenivå ved behov, og at det kan vurderast meir målretta kompensierende tiltak innanfor det enkelte sektorområde.

Administrasjonen legg saka fram til drøfting og vedtak utan tilråding.

#### **Framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram til drøfting og vedtak utan tilråding

#### **Vedlegg:**

Høyring om endringar for omdelingsfrekvens av post

høyringsnotat Posten - færre leveringsdagar

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
023/2017	Radøy eldreråd	PS	04.12.2017
022/2017	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	04.12.2017
005/2018	Radøy eldreråd	PS	15.02.2018
005/2018	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	15.02.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Anne Dahle Austrheim	17/2109	17/14699

## Retningsliner for prioritering ved utleige av Radøyhallen

### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

Radøyhallen er eit kommunalt idrettsanlegg som består av idrettshall («handballstorleik»), 25-meters basseng, terapibasseng og skytebane. I tilknytning idrettshallen ligg også ungdomens hus med kjøkken og sosialt rom.

Desse retningslinene gjeld ikkje skytebana, som vert disponert av Radøy skyttarlag, og ungdomens hus, som vert disponert av Radøy ungdomsklubb.

Det er mange leigetakarar i Radøyhallen, og det er trong for gode retningsliner for prioritering ved utleige slik at tildeling av leigetid skal vere lettare å administrere, og gje gode, føreseielege rammer for leigetakarane.

#### Vurdering

I folkehelseperspektiv er Radøyhallen ein viktig arena og det er trong for å ha gode retningsliner for korleis ein administrerar tildeling av tid i hallen. Det er lagt opp til eit sett reglar for prioritering av fordeling av tid i idrettshall og 25-meters basseng og eit sett reglar for prioritering av tid i terapibasseng.

*Fordeling av tid i idrettshallen og 25-meters bassenget skal prioriterast i følgjande rekkjefølgje:*

1. *Idrettslege aktivitetar for born og unge i regi av Radøy kommune eller lag og organisasjonar i kommunen.*
2. *Idrettslege aktivitetar for vaksne i regi av Radøy kommune eller lag og organisasjonar i kommunen.*
3. *Aktivitetar i regi av andre aktørar som held til i Radøy kommune.*

4. *Aktivitetar i regi av andre aktørar som held til i Radøy kommune.*
5. *Aktivitetar i regi av aktørar utanfor Radøy kommune.*

*Fordeling av tid i terapibassenget skal prioriterast i følgjande rekkjefølgje:*

1. *Aktivitetar for menneske med nedsett funksjonsevne i regi av Radøy kommune*
2. *Aktivitetar for menneske med nedsett funksjonsevne i regi av lag og organisasjonar i kommunen.*
3. *Aktivitetar for menneske med nedsett funksjonsevne i regi av private aktørar i kommunen.*
4. *Aktivitetar for andre brukargrupper i kommunen*
5. *Aktørar utanfor kommunen*

Retningslinene seier og noko om korleis fordeling av faste leigetider og leige til enkeltarrangement skal gå føre seg. Det er og tatt med kva forventningar Radøy kommune har til leigetakarar.

### **Konklusjon**

Rådmannen legg retningsliner for prioritering ved utleige av Radøyhallen fram til drøfting i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Eldrerådet.

### **Vedtak:**

#### **Radøy eldreråd - 023/2017**

##### **ELD - handsaming:**

Saka vart ikkje drøfta, og vart utsett til neste møte.

##### **ELD - vedtak:**

Saka er utsett til neste møte.

#### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 022/2017**

##### **RMNF - handsaming:**

Saka vart ikkje drøfta, og vart utsett til neste møte.



**RMNF - vedtak:**

Saka er utsett til neste møte.

**Vedlegg:**

Retningsliner for prioritering ved utleige av Radøyhallen (3)